



Medlemskommunar i  
Samarbeidsrådet  
for Sunnhordland IKS

ETNE, 26. November 2009

Att.: Ordførarar og Rådmenn

### **Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin uttale til Hardangerfjordforskrifta av 13.11.09.**

Vi er skuffa, fortvila og aldri så lite forundra over at Samarbeidsrådet ukritisk – og mot betre vitande – stiller seg bak ei slik unyansert uttale.

I ei sak som er så viktig for heile regionen presterer Samarbeidsrådet å gjennomføre ein – mildt sagt – uryddig prosess. Det måtte for det første fleire omkampar til før villfiskinteressene i det heile tatt vart hørt. Og når vi etter kvart vart høyrte så vart dessverre ingenting av våre merknader tatt omsyn til. Dette forstår vi ikkje og vi meiner det er sterkt kritikkverdig av Samarbeidsrådet.

Vi vil også påpeike at uttalen inneheld grove faktafeil.

Det blir hevda at *"Det er difor viktig at næringa får dei rammevilkåra som trengs for å kunna utvikla seg i tråd med næringa i resten av landet"*.

**Faktum** er at det er ingen plasser i Noreg, sannsynlegvis ikkje i heile verda, at konsentrasjonen er så stor pr. kvm!

Det blir hevda at *"I framlegg til forskrift skal kapasiteten i oppdrettsnæringa i "Hardangerfjorden" byggjast ned med 20.000 tonn MTB i forhold til tildelt produksjonskapasitet i fjordsystemet. Konsekvensen av dette er at dei store oppdrettsselskapa må flytta produksjonen til andre områder. Detter er ingen tent med."*

**Faktum** er at det ikkje er snakk om å bygge ned faktisk produksjonskapasitet. Den har aldri vore høgare enn 48.000 tonn MTB. Forskrifta legg difor opp til ein AUKE på 2.000 tonn MTB! Dessutan tyder alt på at det er heilt naudsynt å REDUSERE produksjonskapasiteten monaleg, sannsynlegvis så mykje som ei halvering, til 25.000 tonn MTB!

Det blir hevda at *"Arbeidet gjennom blant anna Fiskehelsenettverket, der oppdrettarane samarbeider om felles tiltak for å redusere tettleiken av lus og andre sjukdomsførebyggjande tiltak, har gjeve resultat."*

**Faktum** er at det i september i år var 3 gonger så mykje lus som same tidsrommet i fjor, målt på villfisk. Rømmingane er også betydeleg høgare!

Det blir hevda *"Slik Samarbeidsrådet ser det gjer oppdrettarane sine tiltak også moglegheiter for å kunne vera med å redde villfisk..."*

**Faktum** er at det er oppdrettsnæringa som er årsaka til problema med villfisk!

Det blir hevda at *"... har tru på at det nystarta HardangerFjordLauget, som legg opp til eit tett samarbeid med elveigarane er vegen å gå..."*

**Faktum** er at dette blir heilt tullete. Oppdrettsnæringa må tvingast til å drive berekraftig! Det er ikkje noko elveigarane kan gjere for dei, vi har meir enn nok med å fange rømt oppdrettsfisk i elvane våre og prøve å halde liv i dei få villfiskane som er igjen! Dette er klart ei forvaltningssak og ikkje ei privatsak. Samarbeid har hittil ikkje ført fram.

Dessutan; det går vel ikkje ein dag utan at media roper eit varsko om den urovekkande situasjonen om lakselus, rømmingar og framtida for villfisken. Korleis kan de totalt ha oversett dette?

Eg utfordrar medlemskommunane til å svare oss på:

**Kvifor støtter de ein uttale som går i mot ALLE faglege råd?**

Til avslutning vil eg også uttrykke uro over manglande vurderingsevne til Samarbeidsrådet og spesielt dagleg leiar til spørsmålet om habilitet. Det er urovekkande at ikkje dagleg leiar har erklært seg inhabil, og like urovekkande at Samarbeidsrådet ikkje gjorde det.

Eg skal ikkje hevde å ha lova på mi side, men eg viser til gjeldande lovverk på neste side, sjå spesielt avsnittet merka med gult. De kan sjølv vurdere...

Med helsing  
for Etne Jeger- og Fiskerforening




Jan A. Vinje  
Leiar

Kopi: Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS v/dagleg leiar Gro Jensen Gjerde

PS! Eg har samla ei mengd med uttalar på [www.eiff.org](http://www.eiff.org)

Etne elveigarlag støttar disse merknadene.



Vidar Børretzen  
Leiar

## **LOV 1999-01-29 nr 06: Lov om interkommunale selskaper**

### **§ 15. Inhabilitet**

Om inhabilitet for selskapets ansatte og medlemmer av selskapets styrende organer gjelder kommuneloven § 40 nr. 3 tilsvarende.

## **LOV 1992-09-25 nr 107: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)**

### **§ 40. Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.**

3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:

- a. Inhabilitet inntreffer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.
  - b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.
  - c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.
- Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

## **LOV 1967-02-10 nr 00: Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)**

Kapittel II. Om ugildhet. Overskriften endret ved lov 27 mai 1977 nr. 40.

### **§ 6. (habilitetskrav).**

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a) når han selv er part i saken;
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikke helt ut eies av stat eller kommune, et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.

Endret ved lover 19 juni 1969 nr. 54, 27 mai 1977 nr. 40, 29 juni 2007 nr. 81 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 23 nov 2007 nr. 1287). Endres ved lov 19 juni 2009 nr. 90 (i kraft 1 nov 2011 iflg. res. 19 juni 2009 nr. 819).

### **§ 7. (foreløpig avgjørelse).**

Uansett om en tjenestemann er ugild, kan han behandle eller treffe foreløpig avgjørelse i en sak dersom utsettelse ikke kan skje uten vesentlig ulempe eller skadevirkning.

### **§ 8. (avgjørelse av habilitetsspørsmålet).**

Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad.

Endret ved lov 27 mai 1977 nr. 40.